



Sandsli, 21.05.2023

## INNKALLING TIL STYREMØTE nr.4/23 i 4H Hordaland

<b>Dato:</b>	<b>11. juni</b>
<b>Klokka:</b>	<b>10.00</b>
<b>Stad:</b>	<b>Åsane kulturhus; Åsane Senter 52, 5116 Ulset</b>

### **Desse blir kalla inn til styremøte:**

*Fylkesstyret med vara: Sofie Ljones, Synne Røthe Sandal, Janniche Næss Bergås, Agnete Flatnes Skarveland, Steffen Stråtveit, Vilde Sylta Kvamme, Marius Skar Kolås, Hjalmar Ølvestveit*

*Tilsette: Turid Sandstad Herland, Leif-Helge Molvik og Synnøve Jørgensen*

*Frå alumnklubben: Sindre Mikkelsen*

### **Innkallinga er sendt til desse for orientering:**

*Kontrollnemnda: Elin Klette, Ida Marlen Havn og Martha Gjerald*

<b>SAK 62/23</b>	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>
SAK 62/23	Godkjenning av innkalling og saksliste
SAK 63/23	Godkjenning av referat frå sist styremøte
SAK 64/23	Orienteringssaker
SAK 65/23	Økonomioppdatering
SAK 66/23	Distriktsmøter
SAK 67/23	Nattevaktinstruks
SAK 68/23	Nytt oversiktsdokument for fylkesstyret og tilsette
SAK 69/23	4H på vei i heile Vestland fylke

SAK 70/23	Senior- og alumnsprell 2023
SAK 71/23	Juniorsprell 2023
SAK 72/23	Juniorsprell 2024
SAK 73/23	Prokura til Leif-Helge Molvik
SAK 74/23	Finansiering av utgifter til klubbar som treng oppfølging
SAK 75/23	Profileringsartiklar 4H Hordaland
SAK 76/23	Utlån av Soundbox
SAK 77/23	Honorar til Marita Helland for arbeid logo til Landsleir 2024
SAK 78/23	Ymse
SAK 79/23	Saker til neste styremøte

**Forslag til vedtak:** Innkalling og sakliste vert godkjent.

**Vedtak:**

#### **SAK 63/23 Godkjenning av referat frå sist styremøte**

**Vedlegg:** Referat frå fylkesstyremøte 16.april

**Forslag til vedtak:** Referat frå fylkesstyremøte 16.april vert godkjent.

**Vedtak:**

#### **SAK 64/23 Orienteringssaker**

<b>Tiltak</b>	<b>Orientering</b>	<b>Ansvarleg</b>
Klubboppfølgingsmøte	Sofie, Turid og Leif-Helge hadde klubboppfølgingsmøte på Teams 27. april. 10 klubbrådgjeverar møtte.	Sofie, Turid, Leif-Helge
Stand med Rommetveit 4H	Laurdag 15. april var Ingrid Otnes, Åshild Irene Lie og Turid med Rommetveit 4H og hadde stand på AMFI Stord.	Turid
Stand med Knutabruo 4H	Laurdag 22. april var Turid med Knutabruo 4H og hadde stand på AMFI Os.	Turid

Arboretets dag	4H Hordaland skal ha eigen stand på Arboretets dag 4. juni. Leif-Helge og Marius deltek på arrangementet.	Marius og Leif-Helge
Trivselsagentsamling 2	Trivselsagentsamling 2 for 4H Sogn og Fjordane og 4H Hordaland vert 2.-4.juni på Røde Kors si hytte på Langeland. Det er 2 påmeldte.	Kristin Eineteig og Janniche
Under open himmel på Molvik 4H-gard	6.-7.mai arrangerte me under open himmel på Molvik 4H-gard! Steffen var med på heile arrangementet, medan Sofie var innom nokre timar laurdagen. Det var over 50 medlemar som deltok.	Steffen, Marius og Leif-Helge
Distriktsleirar	Desse klubbane inviterer til distriktsleir i år: Nordhordland: Fjordglimt 4H Voss, Ulvik og Granvin: Dyktig 4H Sunnhordland: Spretten 4H Hardanger: Grashoppa 4H, Solgull 4H og Fram 4H	Heile styret
Fylkesleir	Det er 20 påmeldte til fylkesleir 23.-26.juni på Seim.	Heile styret og Samhald II 4H
Nordisk leir i Lom	Det er 52 påmeldte frå Hordaland til Nordisk leir i Lom.	4H Innlandet
Landsleir 2024	Janniche og Synne orienterer om arbeidet med Landsleir 2024 på vegne av hovudkomitéen	Janniche og Synne
Fylkesstyresamling Vest	Det har vore vanskeleg å finne ein dato som passar for å ha fylkesstyresamling i Vest. Me ventar endå på den endelege datoen for når dette blir.	Heile styret
Læreriike opplevingar	Leif-Helge orienterer om prosjekt læreriike opplevingar.	Leif-Helge

H.A.N.S.A. oppdatering	Sindre orienterar om kva som skjer i H.A.N.S.A.	Sindre
Molvik 4H-gard	Leif-Helge orienterer om kva som skjer på 4H-garden i Molvik	Leif-Helge
Jubileumshaustfestar	<p>I arbeidsplanen vedtok me kven som skal reisa på kva jubileumshaustfest. Alle må ta kontakt med den klubben ein skal reisa til, og halda av datoen.</p> <p>Dalamot 4H, 55 år: Marius og Sofie</p> <p>Lid 4H, 50 år: Steffen</p> <p>Raggsokkjen 4H, 55 år: Vilde</p> <p>Samhald 4H, 55 år: Janniche</p> <p>Solgull 4H, 60 år: Synne og Hjalmar</p> <p>Øvrebygda 4H, 55 år: Agnete</p>	Heile styret
Utveksling	Jia Yun Chen frå Taiwan kjem på IFYE-utveksling til 4H Hordaland frå 26. juni til 8. juli. Det er behov for ein vertsfamilie til henne.	Turid

### SAK 65/23 Økonomioppdatering

Janniche orienterar om økonomioppdateringa.

**Forslag til vedtak:** Fylkesstyret tek økonomioppdateringa til orientering.

**Vedtak:**

## SAK 66/23 Distriktsmøter

**Vedlegg:** *Forslag til struktur på distriktsmøte V23*

I arbeidsplanen vedtok me kven som har ansvar for kva distriktsmøte.

**Nordhordland:** *Sofie og Agnete*

**Sunnhordland:** *Steffen og Synne*

**Hardanger:** *Hjalmar og Marius*

**Voss, Ulvik og Granvin:** *Janniche og Vilde*

Tidlegare har distriktsmøta vore under distriktsleirane, med unntak av Voss/Ulvik/Granvin som ynskjer å ha møtet på hausten. Sofie har laga eit eige dokument med råd om korleis ein kan bygge opp møtet og kva ein bør snakke om. Alle har ansvar for å avtale med arrangør av distriktsleir om dei kan ha det då, eller kalle inn til eit møte ein anna dato som passar betre. Hugs å skrive referat.

**Forslag til vedtak:** *Dokumentet om informasjon til distriktsmøter blir godkjend med eventuelle merknadar. Alle sørger for at det blir kalla inn til distriktsmøte i det distriktet ein har ansvar for.*

**Vedtak:**

## SAK 67/23 Nattevaktinstruks

**Vedlegg:** *Instruks for nattevaktane, revidert 24.04.23*

**Forslag til vedtak:** *Fylkesstyret godkjenner oppgåveskildring kursadministratorar med eventuelle merknadar*

**Vedtak:**

## SAK 68/23 Nytt oversiktsdokument for fylkesstyret og tilsette

**Vedlegg:** Plan for fylkesstyremøta til 4H Hordaland arbeidsåret 2023-24

Sofie og Synne har saman utforma eit årshjul for saker som kjem til å vere aktuelle å ta opp på dei ulike fylkesstyremøta me skal ha. Det skal gjere det meir forutsigbart for alle i styret, og kan gjere det lettare for nye fylkesstyremedlemar å få ei oversikt over kva saker som blir tatt opp i ulike delar av året. Det er også lettare for alle i styret og tilsette å føreslå saker som burde handsamast. Tanken er at ein kan legge til dei sakene ein ynskjer å diskutere i dette dokumentet, og at Sofie legg det inn på sakslista når ho skal skrive den.

**Forslag til vedtak:** Fylkesstyret godkjenner «Plan for fylkesstyremøta til 4H Hordaland arbeidsåret 2023-24» og brukar det som eit arbeidsdokument gjennom året.

**Vedtak:**

## SAK 69/23 4H på vei i heile Vestland fylke

Det har vore utfordrande å finne kandidatar til å køyre bubilen i sommar. Fylkesstyret har kontakta mange medlemar direkte, spreidd informasjon om turen i sine eigne SoMe-kanalar, i ei nasjonal medlemsgruppe, i nyheitsbrev og fått andre fylker til å legge ut informasjon om turen utan at me har funne nokon til å køyre bubilen dei aktuelle datoane. Det er blitt handla inn eit stort telt, magnetskilt og vi har signert ein leigeavtale for bubilen dei aktuelle dagane. På grunn av lite interesse har me no bestemt oss for at Sofie Ljones og Trude Ljones skal køyre gjennom reiseruta frå 8.-15. juli. Bubilen var dessverre oppteken, og me har signert leigeavtale med ein varebil dei akutelle dagane.

**Forslag til vedtak:** Sofie Ljones og Trude Ljones køyrer gjennom Vestland fylke 8.-15.juli med mål om å verve flest mogleg medlemar. Dei skal dagleg ta bilete og videoar av turen og produsere innhald til våre SoMe-kanalar. Sofie Ljones, Steffen Stråtveit og Janniche Næss Bergås fortset planlegginga av turen, og spør andre i fylkesstyret når dei har behov for hjelp.

**Vedtak:**

### **SAK 70/23 Senior- og alumnsprell 2023**

H.A.N.S.A. hadde ikkje moglegheit til å arrangere senior- og alumnsprell som planlagt i vår. Det er ønskeleg å ha eit eige arrangement for seniorar og alumnar, og fylkesstyret må avgjere om me ynskjer å arrangere dette til hausten.

***Forslag til vedtak:** 4H Hordaland arrangerer senior- og alumnsprell i nærleiken av Bergen søndag 24. september. Sofie og Vilde finn ei arbeidsgruppe som skal planleggje arrangementet.*

**Vedtak:**

### **SAK 71/23 Juniorsprell 2023**

4H Hordaland skal arrangere juniorsprell på Tysnes til hausten. Marius Skar Kolås og Jakob-Johan Birkeland Solberg har sagt at dei kan vere med på planlegging og gjennomføring av dette arrangementet.

***Forslag til vedtak:** Jakob-Johan Birkeland Solberg og Marius Skar Kolås startar planlegginga av arrangementet. Dei gjer beskjed når dei har behov for ekstra hjelp i planlegginga og gjennomføringa.*

### **SAK 72/23 Juniorsprell 2024**

Ettersom det ikkje vart juniorsprell på Voss i vår, har det blitt føreslått at 4H Hordaland kan arrangere juniorsprell på Voss i januar 2024. Ved å ha arrangementet i denne perioden av året er det mogleg å ha vinteraktivitetar på arrangementet.

***Forslag til vedtak:** Juniorsprell vert lagt inn 26.-28. januar i årsplanen for 2024.*

**Vedtak:**

### **SAK 73/23 Prokura til Leif-Helge Molvik**

Leif-Helge Molvik er tilsett i ein prosjektstilling til landsleiren i 2024, og det kan være føremålstenleg om han får signaturrett.

***Forslag til vedtak:** Leif-Helge Molvik får prokura på vegne av fylkesstyret.*

## Vedtak:

### SAK 74/23 Finansiering av utgifter til klubbar som treng oppfølging

4H Hordaland har utgifter i forbindelse med at vi har reist på besøk til fleire klubbar som har hatt vanskar med å oppretthalde aktivitet eller rekruttere medlemmar, og som har behov for oppfølging.

***Forslag til vedtak:** Midlar frå kontoen «Nedlagde klubbar» kan bli brukt for å finansiere dei utgiftene fylket får når det er behov for oppfølging av klubbar som har vanskar med å oppretthalde aktivitet eller som står i fare for å bli lagt ned.*

## Vedtak:

### SAK 75/23 Profileringsartiklar 4H Hordaland

Synne har vore i kontakt med Speidarsport for å undersøke om dei kan selje egne profileringskle for vårt fylke. Dei har svart at dei kan hjelpe med produksjon av slike genserar, men berre etter ei samla bestilling frå oss. Fylkesstyret må avgjere om me ynskjer å gå vidare med dette.

## Vedtak:

### SAK 76/23 Utlån av Soundbox

Fylket har fått førespurnad frå ein klubb om å låne vår Soundbox på ein distriktsleir i sommar. Det kolliderer med Arboretets dag, og me har derfor sagt nei til dette denne gongen. Me må likevel finne ut om me ynskjer å låne, eventuelt leige ut Soundboxen til klubbar som spør om det.

## Vedtak:

### SAK 77/23 Honorar til Marita Helland for arbeid logo til Landsleir 2024

Marita Helland har brukt mykje tid på å lage logoen til landsleiren i 2024. Fylkesstyret har fått klarsignal frå hovudkomitéen til å avgjere kor mykje ho skal få for dette arbeidet, ettersom det er vi som har hatt oppfølginga av dette arbeidet. Me må avgjere kor mykje ho skal få for arbeidet.



## Vedtak:

### **SAK 78/23 Ymse**

### **SAK 79/23 Saker til neste styremøte**

- Godkjenning av innkalling og saksliste
- Godkjenning av referat frå sist styremøte
- Økonomioppdatering
- Saker til neste styremøte